

**I dag dukka eit nytt nummer av Hardangerfjordmagasinet, utgjeve av Prinfo Media og Sigurd Vikøren, opp i postkassane. På side 61 finn vi godt Uskedalsstoff. Der vert uskedalen.no og den aktive redaktøren vår, Ola Matti Mathisen, presentert.**

Hardangerfjordmagasinet vert sendt ut til innbyggjarane i Hardanger, i Sunnhordland og på Haugalandet. I tillegg vert det distribuert på stader der ein kjem i kontakt med turistar. Opplaget av det fine magasinet på heile 132 sider i A-4 format, er på heile 50.000.

At Matti og nettsida vert presentert i slike store opplag, er god marknadsføring av bygda. Når lesarane av magasinet vert nysgjerrige på det denne dugande mediamannen driv med, vil eg tru nokre av dei søker til nettsida, og dermed vert marknadsføringsverdien dobla, og meire til!

Kva magasinet skriv, røpar eg ikkje her. Alle får tilgang til det. Eg slår fast at det er flott; - mykje interessant innhald frå regionen vår presentert på god papirkvalitet og med mange, fine bilete.

Kos dåke med det gjennom sommaren!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland